



Westland Hotel
Runar Erlend Hilland
Kvalen 30
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1480 - 15/28902

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
08.09.2015

Etterlyser status fettutskiljar Westland Hotel - gbnr 108/102

Teknisk drift syner til vårt brev, datert 22.04.2015, der vi ber om ei framdriftsplan for når ein kan forvente at permanent fettutskiljar vert installert ved Westland Hotel. Anlegget som hotellet i dag nyttar (midlertidig anlegg) har for liten nominell størrelse i forhold til produksjon ved kjøkkenet. Dette gjer at anlegget får for høg temperatur slik at fett vert ført ut på kommunalt leidningsnett i staden for å verte skilt ut i anlegget.

Teknisk drift, VVA, kan ikkje sjå å ha motteke framdriftsplan for installering av ny fettutskiljar. Vi har heller ikkje motteke søknad om løyve til å installere slikt anlegg.

Vi sett nå ei frist for tilbakemelding vedkomande framdrift for installering av utskiljaranlegg til **fredag 25. september 2015.**

Ved installering av nytt anlegg:

Vi gjer merksam på at Teknisk drift skal godkjenne utskiljaranlegg før installering. Røyrleggar må derfor sende inn søknad om tilknytning av anlegg til kommunalt leidningsnett. Med søknadsskjema skal det leverast inn berekningsgrunnlag for val av storleik på utskiljaranlegg. Anlegget må være godkjent av Teknisk drift før røyrleggar bestiller anlegg. Dette for å sikre at rett anlegg vert installert. Teknisk drift sett i «enkeltvedtak» ein del krav i til drift og vedlikehald av anlegget. Det vert, blant anna, sett krav til tømmeffrekvens, temperaturlogging, prøveanalyser (frå prøvetakingskum), vaskemidler, vedlikehald og tømmeavtaler osv.

Det er med heimel i «Standard Abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar for Lindås kommune, samt «utsleppsløyve for Lindås kommune» frå Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavingdelinga, at Teknisk drift nå sett ei frist for tilbakemelding vedkomande framdrift for installering av permanent fettutskiljar ved Westland Hotel.

Med helsing



Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avlaup

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved Teknisk drift

Mottakrar:
Westland Hotel

Kvalen 30

5955

LINDÅS